



Arkivnr: 2015/59-1
Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.04.2015

Tilskot til lokale friluftslivstiltak 2015

Samandrag

Målet med støtteordninga lokale friluftslivstiltak er å medverke til å skape betre tilrettelegging for friluftsliv i lokalmiljøa. Midlane frå denne tilskotsordninga skal gå til lokale friluftslivstiltak som sikrar grunnlaget for allemannsretten og som legg til rette for det enkle friluftslivet. I 2015 er det sett fokus på tiltak som vert sett i samanheng med Friluftslivets år. Det kan søkas om midlar til nye aktivitets-fremjande tiltak og til strukturelle tiltak som t.d. utandørs treningsapparat og felles utstyrsbankar. Tiltaka skal ha overføringsverdi til andre aktørar.

Fylkestinget i desember 2014 sette av kr 400 000 til tilskotsordninga lokale friluftslivstiltak i budsjettet for 2015. Kultur og ressursutvalet vedtok i møte 12.02.2015 at kr 320.000 av tilskotet som vart sett av i fylkestinget i desember 2014 til Friluftslivets år 2015, skal leggest inn i denne tilskotsordninga. Samla vert det då kr 720.000 til fordeling i 2015. Tiltak kan støttas med eit tilskot på kr 5.000 - 40.000.

Innan søknadsfristen 15. februar kom det 75 søknader med ein samla søknadssum på kr 2 975 820. Tildelinga er vurdert i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Fylkesrådmannen tilrår ikkje å støtte søknadar knytta til opparbeiding og vedlikehald av turløyper/ friluftsområder, og tiltak som er støtteberettiga av spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet eller turskiltprosjektet. Fleire av tiltaka har søkt på fleire tilskotsordningar, og har fått tilsagn frå tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge eller tilskot til friluftslivsføremål (Kap. 1420 post 78). Kommunar, frivillige lag og organisasjonar kan søke på ordninga. Det vert ikkje gjeve tilskot til fortenebaserte verksemder.

Forslag til vedtak

Kultur og ressursutvalet fordeler kr 720 000 i tilskotsordning til lokale friluftslivstiltak, budsjettpost 400.450, slik;

	Søklar	Kommune	Kostnad	Søknadssum	Tilsagn
1	4H Hordaland	Hordaland	70 000	35 000	15 000
2	Al MADINA	Bergen	110 000	33 000	0
3	Algrøy Bygdalag	Fjell	15 000	10 000	0
4	Askøy Kommune	Askøy	51 540	40 000	25 000

5	Askøy Røde Kors	Askøy	29 000	39 000	0
6	Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	Hordaland	88 485	40 000	40 000
7	Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	Os	83 050	40 000	0
8	Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	Hordaland	410 000	80 000	40 000
9	Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	Hordaland	82 124	40 000	40 000
10	Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	Hordaland	82 739	40 000	0
11	Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	Fjell	84 729	40 000	40 000
12	Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	Hordaland	34 000	17 000	0
13	Buførevegens Vener	Ullensvang	33 000	250 000	0
14	Bygdagnist	Kvam	32 500	10 000	10 000
15	Bærekraftige liv Løvestakken	Bergen	20 820	20 820	10 000
16	Bømlo Turlag	Bømlo	70 700	20 000	10 000
17	Dyktig 4H	Hordaland	108 000	160 000	0
18	Fitjar kommune	Fitjar	80 000	40 000	40 000
19	Fjell festning/Museum vest og Fjell Turlag.	Fjell	60 000	20 000	0
20	Fjell kommune	Fjell	67 500	40 000	25 000
21	Fjell, Sund og Øygarden kommuner	Fjell, Øygarden, Sund	59 000	22 000	15 000
22	Friluftsrådet Vest	Sunnhordaland	60 000	25 000	25 000
23	Friluftsrådet Vest	Stord	90 000	40 000	0
24	Friluftsrådet Vest	Etne	100 000	40 000	0
25	Friluftsrådet Vest	Bømlo	70 000	40 000	0
26	Friluftsrådet Vest	Sunnhordaland	120 000	30 000	30 000
27	Fusa kommune/ Fusa turlag	Fusa	39 150	25 750	25 000
28	Fusa turlag	Fusa	68 000	34 000	30 000
29	Folkelig	Bergen	54 000	30 000	0
30	Gutta På Tur. Bremnes. i BØMLO	Bømlo	22 900	22 900	10 000
31	Hordaland Natur og Ungdom	Hordaland	10 000	10 000	0
32	IL Kvernbit	Meland	102 237	40 000	0
33	Kalandseid IL	Bergen	80 000	40 000	20 000
34	Kanarvikmila/aks-77	Lindås	82 000	40 000	20 000
35	Kleppe grendalag	Austevoll	161 000	40 000	20 000
36	Kvamskogen Næringslag	Kvam	162 500	40 000	0
37	Løvestakken Frivilligsentral	Bergen	7 500	7 000	5 000
38	Meland kommune med frivillige/ grunneigarar	Meland	74 908	32 000	0
39	Museum Vest - avd. Herdla	Askøy	70 000	30 000	15 000
40	Museum Vest - avd. Herdla	Askøy	22 000	8 000	0
41	Museumssenteret i Hordaland	Vaksdal	60 000	40 000	30 000
42	Neptun Pensjonistklubb	Austrheim	143 000	35 000	0
43	Nordsjøløypegruppa Ut mot havet	Sund	50 000	25 000	0
44	Radøy kommune	Radøy	20 000	8 000	8 000
45	Radøy kommune	Radøy	40 000	20 000	20 000

46	Rosendalstiftinga	Kvinnherad	156 000	40 000	0
47	Ryvarden krets av Norges speiderforbund	Sveio	30 000	12 500	0
48	Samnanger kommune	Samnanger	33 000	20 000	14 000
49	Sisu 4H	Hordaland	15 750	12 150	8 000
50	Sportsklubben Djerv	Bergen	114 000	60 000	40 000
51	Sportsklubben Djerv	Bergen	84 000	50 000	40 000
52	Stord-Fitjar turlag	Stord/Fitjar	65 000	40 000	0
53	Stord-Fitjar turlag	Stord	95 000	25 000	0
54	Sveio turlag	Sveio	70 000	35 000	0
55	Søre Dåfjorden Hyttevelforening	Bergen	46 000	26 000	0
56	Topp Vel	Odda	75 000	40 000	0
57	Unneland Grendalag	Bergen	34 375	137 500	0
58	Vaksdal Idrettslag	Vaksdal	23 537	15 000	0
59	Vaksdal kommune	Vaksdal	30 000	15 000	10 000
60	Vaksdal kommune	Vaksdal	17 000	7 000	0
61	Vaksdal kommune	Vaksdal	40 000	20 000	10 000
62	Vaksdal kommune	Vaksdal	50 000	15 000	10 000
63	Vaksdal Vel	Vaksdal	50 000	40 000	20 000
64	Vinnes Bygdeutval	Fusa	80 000	40 000	
65	Voss kommune	Voss	80 000	40 000	0
66	Askøy Kommune	Askøy	518 625	138 625	0
67	Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	Vaksdal	107 400	40 000	0
68	Friluftsrådet Vest	Sunnhordaland	110 000	30 000	0
69	Friluftsrådet Vest	Sunnhordaland	120 000	40 000	0
70	Kvinnherad kommune og Kvinnherad turlag	Kvinnherad	254 500	40 000	0
71	Stord Rotaryklubb	Stord	94 244	27 575	0
72	Vaksdal kommune	Vaksdal	230 000	50 000	0
73	Austrheim kommune	Austrheim	117 000	40 000	0
74	Bydelsbloggen	Stord	210 000	100 000	0
75	Os Orienteringsklubb	Os	127 300	40 000	0
	Totalt		4 570 044	2 429 620	720 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: 1

Fylkesrådmannen, 24.03.2015

Målet med støtteordninga lokale friluftslivstiltak er å medverke til å skape betre tilrettelegging for friluftsliv i lokalmiljøa. Midlane frå denne tilskotsordninga skal gå til lokale friluftslivstiltak som sikrar grunnlaget for allemannsretten og som legg til rette for det enkle friluftslivet.

Fylkestinget i 9.-10. desember 2014 sette av kr 400 000 til tilskotsordninga lokale friluftstiltak i budsjettet for 2015. I samband med Friluftslivets år 2015 (FÅ15) vart det i Fylkestinget i desember 2014 vedteke å løyve kr 400.000 til dette arbeidet i Hordaland for 2015: «Friluftslivets år feires i 2015. Det er naturleg med en fylkeskommunal medvirkning til markering av året i et folkehelseperspektiv». Kultur og ressursutvalet vedtok i møte 12.02.2015 at kr 320.000 av tilskotet som vart sett av i fylkestinget i desember 2014 til Friluftslivets år 2015, skal leggest inn i denne tilskotsordninga. Samla er det kr 720.000 til fordeling i 2015.

Kommunar, frivillige lag og organisasjonar kan søkje om tilskot. Det vert ikkje gjeve tilskot til fortenebaserte verksemder. I 2015 er det sett fokus på tiltak som vert sett i samanheng med Friluftslivets år. Det kan søkas om midlar til nye aktivitetsfremjande tiltak og til strukturelle tiltak som t.d. utandørs treningsapparat og felles utstyrsbankar. Tiltaka skal ha overføringsverdi til andre aktørar. Tiltak kan støttas med eit tilskot på kr 5.000 - 40.000.

Innan søknadsfristen 15. februar kom det 75 søknader med ein samla søknadssum på kr 2 975 820.

Vurdering

Tildelinga er sett i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Søknader om støtte til nye aktivitetsfremjande tiltak med overføringsverdi til andre aktørar er prioritert. Fylkesrådmannen foreslår å gje midlar utandørs treningsapparat og felles utstyrsbankar då dette er spesifikt nemnd i utlysningsteksten. Det vert ikkje tilrådd å støtte opparbeiding og vedlikehald av turløyper/friluftsområder, og tiltak som er støtteberettiga av spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet eller turskiltprosjektet. Fleire av tiltaka har søkt på fleire tilskotsordningar, og har fått tilsagn frå tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge eller tilskot til friluftslivsføremål (Kap. 1420 post 78). Kommunar, frivillige lag og organisasjonar kan søke på ordninga. Det er såleis ikkje gjeve tilskot til fortenebaserte verksemder.